

Florø, 1. oktober 2013

Til: Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Uttale til konsesjonssøknad Øvre Agledal småkraftverk i Flora kommune

Vi viser til befaringsregi av NVE i øvre Agledal tirsdag 19. september vedr. konsesjonssøknad om utbygging av småkraftverk i Agledalsfossen. Undertegna Anders Hammerseth og Siv Standal Rimmen har hytter i umiddelbar nærhet til fossen. Anders Hammerseth og Siv's ektemann Per Rimmen var begge med på den aktuelle befaringsregi.

Vi er ikke positive til dette planlagte inngrepet i naturen i øvre del av Agledalen.

Slik vi forsto det under befaringsregi så vil Agledalsfossen om kraftverket skulle bli en realitet i praksis bli redusert til en «sildrebekk» store deler av tida. Dette vil etter vår oppfatning bli et stort naturinngrep med alvorlig store konsekvenser for flora og fauna i og rundt fossen og i Agledalselva. Dette er i dag et område som på tross av omfattende masteutbygging som dominerer deler av det visuelle landskapet, framleis er bevart som et vakkert naturområde i et landskap med en praktfull foss og ei elv som er fullstendig uberørt av høgspectlinjene som går i skogen langs dalsidene i øvre Agledal.

I tillegg til dei åpenbare belastningane ei kraftverkutbygging i fossen vil kunne medføre med tanke på rørgater, veger, sprenging av fjell, demming etc. så er det spesielt nokre viktige faktorar som vi gjerne vil påpeike.

Det er mellom anna svært godt fiske under Agledalsfossen og i elva nedanfor, og slik vi har forstått det så vil dette forsvinne med ei utbygging. I dag får man gjerne 20-30 småørret på stang under fossen på like mange minutter. Det er også tatt fin fisk på 1,5 kg i samme område dei siste åra.

Utbygging av småkraftverk i Agledalsfossen vitner overhodet ikkje om bærekraftig utvikling. Eit småkraftverk i fossen vil få store negative konsekvensar og ringverknader. Vi forstår jo samtidig utbyggarane sin motivasjon for å ville bygge seg eit kraftverk, men utbyggarane og undertegna har nok her heilt klart motstridande interesser for området. Etter vår oppfatning vil det vere hensiktsmessig å avvente, og utgreie andre mulege alternativ for utbygging av vasskraft i Agledalen, for såleis både å ivareta miljømessige, samfunnsøkonomiske og bedriftsøkonomiske hensyn på best muleg måte for felleskapet.

For oss som har hytter tett til fossen så finnast det samtidig ein opplagt bruksverdi på eigedommane våre, der fossen er ein viktig del av denne. Hyttene har vært i familiane lenge, og er overtatt frå førre generasjon. Tanken er at nye generasjoner også kan ha glede av naturen her. Vi har utsikt mot fossen, og den er ein del av den mektige naturen ein finn i øvre Agledalen. Fossen og elva og naturen i øvre Agledalen er viktig for oss og for mange andre, og dette er eit fantastisk flott naturområde. Som hytteigarar har vi fiskerett i skjøter og bruker naturen i området aktivt. Dersom fisken forsvinner så reduserer dette på same tid bruksverdien på området, og for ein fritidseiendom så er dette ein viktig faktor i totalvurderingen.

Med fossen i rør, så må det vere uomstridt at dette nødvendigvis vil påvirke vasskvaliteten i vassdraget i betrakteleg grad. Denne problemstillinga er åpenbar uoversikteleg i følge vurderinger gitt til kjenne av fagfolk under befaringa i området 19. september, og det er såleis lite håndfast forskning eller erfaring som underbygger eit samfunnsøkonomisk argument for å bygge ut Agledalsfossen sett i eit berekraftig perspektiv.

Miljøaspektet ved ei muleg utbygging av vassdraget er slik vi ser det ikkje gjort utfyllande greie for i konsesjonssøknaden med vedlegg, og vi etterlyser i så måte ei miljømessig forsvarleg utgreiing om kva praktiske konsekvenser utbygginga vil få. Det kan virke som om utbyggarane tar svært lett på konsekvenser for naturlandskapet i planane sine, og det er tydeleg at vi her har ein konflikt mellom estetiske, økonomiske, og økologiske interesser. Det at dette elementet ikkje verkar å vere tilstrekkeleg vektlagt så langt i prosessen stiller vi oss undrande til med tanke på dei føringar som skal ligge til grunn for å kunne utvikle slike typer anlegg.

Vi er derfor av den klare oppfatning at ei slik småkraftutbygging vil ødelegge særpreget til Agledalen med fossen og kva den betyr for heile området. Utbygging av eit kraftverk i fossen kan etter vårt syn overhodet ikkje forsvarest og verkar heilt meningslaust, og utbygginga vil for framtida gjere uoprettelige inngrep i naturen i Agledalen.

Med tre kraftlinjer gjennom området, så må det no vere nok. Dette planlagte kraftverket som leder vatnet vekk fra Agledalsfossen er i tillegg eit inngrep med ein helt annan praktisk betydning for naturen i området enn korleis høgspenmaster påverkar landskapet. Det at der finnast kraftlinjer gjennom området er såleis inga unnskyldning for no å skulle belaste naturens balanse med eit småkraftverk, og såleis påføre området ødeleggende forandringar.

Ta gjerne kontakt med undertegna Anders Hammerseth eller om det er spørsmål eller noko er uklart.

Med venleg helsing

Anders Hammerseth (sign.)
«*Aglebu*» gnr./bnr. 66/4

Siv Standal Rimmen (sign.)
«*Fjellheim*» gnr./bnr. 66/3